



Arkivnr: 2014/495-6  
Saksbehandlar: Per Morten Ekerhovd, Erlend Hofstad

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		13.05.2015
Fylkesutvalet		19.05.2015

## Høyring av forslag om forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar - eigedomar i Klima- og miljødepartementets landsverneplan

### Samandrag

Under prosjektet "Statens kulturhistoriske eiendommer" vert det utarbeidd sektorvise landsverneplanar for statlege kulturhistoriske eigedomar. Anlegg som her vert sett i høgste verneklasse skal fredast ved forskrift etter kulturminnelova § 22 a. Landsverneplanen for Klima- og miljødepartementet omfattar eigedomar som Miljødirektoratet og Riksantikvaren har kjøpt eller overtatt som følgje av sine ansvarsfelt og arbeidsområde. På grunnlag av denne planen foreslår Riksantikvaren at 18 anlegg vert freda. Eitt av desse ligg i Hordaland: husmannsplassen Kjeholmen i Fitjar kommune, eit godt bevart døme på eit mindre gardsbruk frå slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet.

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til freding av Kjeholmen i Fitjar kommune.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Høring av forslag om forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer - kap. XX- og kap ZZ  
Eiendommer i Klima- og miljødepartementets landsverneplan- del 1 og del 2 Røros- jf. kulturminneloven  
§ 22a og forvaltningsloven kap. VII
- 2 Forskrift om fredning - kap. XX Fredete eiendommer i landsverneplan for Klima- og miljødepartementet
- 3 xx 03 Kjeholmen
- 4 Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske egedomar, kap. 1

## Fylkesrådmannen, 22.04.2015

### Bakgrunn

Prosjektet "Statens kulturhistoriske eiendommer" vart starta opp i 2002 for å koordinera ein gjennomgang av statleg eigedomsmasse i sivil sektor. Frå hausten 2009 overtok Miljøverndepartementet ved Riksantikvaren ansvaret for prosjektet. Formålet er å bevare og gje eit formelt vern til eit representativt utval statlege eigedomar som kan dokumentere viktige sider av statleg verksemd, eller som av andre grunner har høg kulturminneverdi. Gjennomføringa av det statlege vernearbeidet er lagt til den enkelte samfunnssektor og munnar ut i sektorvise landsverneplanar.

Landsverneplanane har to vernekategoriar. Verneklasse 2 omfattar anlegg som skal vera underlagt eit sjølvpålagd statleg internt vern. Verneklasse 1 er kulturminne som skal fredast gjennom forskrift etter kulturminnelova § 22 a. Kapittel 1 i *Forskrift om freding av statens kulturhistoriske eigedomar* vart vedteke i 2011 og inneheld felles fredingsføresegner. Kapitla for kvar sektor, med omfang og formål med fredingane i denne sektoren, vert vedtekne etter kvart som landsverneplanane vert ferdige. Det er sektorkapitla for Klima- og Miljødepartementet som no er på høyring, førebels kalla kapittel XX og ZZ (det siste gjeld berre eigedomar på Røros).

På bakgrunn av dei innsendte forslaga i landsverneplanen foreslår Riksantikvaren å freda eit utval anlegg som viser mangfaldet i eigedomane til sektoren. Eigedomsmassen her er ganske variert, med få føremålsbygg, men mellom anna mange eigedomar som er kjøpt inn for å sikra tilgjenge til friluftsliv i strandsona. I planen er 18 anlegg foreslått freda. Eitt av dei ligg i Hordaland, nemleg husmannsplassen Kjeholmen i Fitjar kommune (gardsnr. 15, bruksnr. 1 og 3). Dette er eit mindre gardsbruk i sjøkanten, som vart kjøpt av Miljøverndepartementet i 1975 og sidan har vore brukt til leirskuledrift. I dag held Smedholmen kyst og naturlivskole til her. Fredingsforslaget omfattar fire bygningar: bustadhus, kårhus, løe og sjøbu. Bustadhuset kan vera frå tidleg 1800-tal, men seinare bygd om i sveitsarstil, medan dei tre andre husa er bygde i tiåra rundt år 1900. I det vesentlege er bygningane og miljøet lite endra dei siste hundre åra. For bustadhuset og sjøbua er både eksteriør og interiør foreslått freda, for dei to andre bygningane berre eksteriøret.

### Vurdering

Kjeholmen er eit godt bevart døme på eit mindre gardsbruk frå slutten av 1800- og byrjinga av 1900-talet. Anlegget representerer særst viktige sider ved kulturhistoria i Hordaland og kyst-Noreg: dei mindre, kystnære bruka der gardsdrift vart kombinert med fiske, og med bygningar prega av enkel sveitsarstil. Dette er kategoriar som er sterkt underrepresenterte blant dei freda kulturminna. Også geografisk vil ei freding av Kjeholmen skapa noko meir balanse i fredingslista; Fitjar har til no ingen freda kulturminne frå nyare tid, og det er heller ikkje mange av dei elles i dei ytre delane av Sunnhordland. Fredinga vil, etter det rådmannen kan sjå, vera fordelaktig for bruken som leirskule og arena for kulturhistorisk formidling. Det er difor god grunn for å slutta seg til fredingsforslaget for Kjeholmen.